

## Merknadsskjema – Offentleg ettersyn

<b>Plannamn</b>	Osterøy Kommune, Gnr. 89 bnr. 25 m. fl., Hosanger næringsområde
<b>Arealplan-ID</b>	Arealplan-ID 1253 2015003
<b>Saksnummer</b>	
<b>Utarbeida av</b>	Opus Bergen AS
<b>Sist revidert</b>	30.01.20

Nr.	Avsendar	Hovudpunkt i merknad/uttale	Forslagsstillars kommentar
	<b>Private merknader:</b>		
1	Inge Reidar Mjøs og Gunhild Mjøs, gnr. 92 bnr 23, 29.08.19, 1	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Det anføres at en utvidelse av næringsområdet ikke kan tillates ut fra de negative konsekvensene dette får for bygden og spesielt for boligeiendommene som ligger sør for næringsområdet.</li> <li>2. Deler av området som nå ønskes avsatt til næring er i gjeldende kommuneplan avsatt til sentrumsområde og LNF- spredte boliger. Utvidelsen av næringsområdet er dermed i strid med gjeldende kommuneplan.</li> <li>3. En ytterligere utvidelse av næringsområdet bør imidlertid ikke tillates uten at kommunen foretar en grundig vurdering av hvordan utvidelsen vil påvirke naboer, næringsområdet og bygden som sådan. Vi kan ikke se at dette er tilstrekkelig vurdert ved planforslaget.</li> <li>4. Vurderingen fra planbeskrivelse punkt 9.5 og 9.6 viser at man ved utarbeidningen av planforslaget har vært mer opptatt av fiernvirkningene ved utvidelsen av næringsområdet enn av virkningene for næringsområdet.</li> <li>5. Virksomheten ligger i umiddelbar nærhet til flere boliger og medfører store ulemper for boligeiendommene i form av støy, lukt, trafikkfare, estetikk m.m. Ulempene for boligeiendommene vil forsterkes ytterligere dersom næringsområdet utvides slik det nå er foreslått.</li> <li>6. Den betydelige utvidelsen av næringsområdet vil endre områdets karakter fra å være et åpent, grøntområde med spredt bebyggelse, til å bli et tungt næringsområde. Fra Mjøs sitt ståsted er dette ikke en ønskelig utvikling verken av området eller av bygden.</li> <li>7. Forslaget legger opp til en betydelig høyere og mer omfattende utbygging enn det som er tillatt i dag, både i gjeldende</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Tatt til orientering. Næringsområdet blir redusert frå gjeldande kommuneplan. Det er vidare tatt sterkt omsyn til å redusere negative konsekvensar gjennom plassering og utforming av bygg. Desse er plassert i solfattige områder og på kotehøgder som er minst mulig til hinder for utsikt for nærliggande bueningar.</li> <li>2. Reguleringsplanen reduserer næringsområdet gitt i kommuneplan og gir med det betydelege areal til LNF. Næringsområda forhold seg hovudsakeleg til næringsformål gitt i eksisterande reguleringsplanar og kommuneplan.</li> <li>3. Tas til orientering. Konsekvensar for naboar og terreng er beskrive i planomtalen, i tillegg til ulike utredningar/rapporter. Frå utsegna beskrive i merknad; «Det er positivt med fleire arbeidsplassar som og kan generere innbyggjarar. Viktig med bedrifta. Genererer aktivitet i bygda på dagtid. Viktig funksjon».</li> <li>4. Kapittel 9 beskriver konsekvensar av planframlegget, med fleire ulike tema. Som beskrive i punkt 9.6 vil verknadane for næringsområdet tas omsyn til ved material- og isolasjonsval, plassering av vindauge, tilpassa fasade og utbygging av området.</li> <li>5. Det vil leggast føringar for støy (§2.6), lukt (§2.5), trafikk (§7.1/3.2/4.2) og estetikk (§4.2/2.2) ut frå planmaterialet. Planforslag, samt gjeldande forskrifter, KPA og standardar settes krav til støy, lukt, trafikk og estetikk.</li> <li>6. Tas til orientering. Planforslag legger opp til en vidareføring og utviding av eksisterande næring. Det settast krav til utforming (§2.2/3.2) og vegetasjonsskjerm i øst (GV/§6.4.5)</li> </ol>

		<p>reguleringsplaner for næringsområdet og i gjeldende kommuneplan.</p> <p>8. En utvidelse som foreslått vil skape mindre luft mellom Mjøs og næringsområdet. Utvidelsen vil også medføre at Mjøs mister utsikten sin mot Mjøsvågen, samt til ytterligere ulemper i form av støy, lukt, estetikk osv.</p> <p>9. Hensyn til nærmiljø, infrastruktur, ytterligere utviklingsmuligheter m.m. vil kunne ivaretas bedre ved en annen lokalisering enn ved en utviding på Hosanger. Det bør derfor vurderes om en eventuell utvidelse av næringsområdet f.eks. bør skje ved å flytte næringsområdet til en annen lokasjon.</p>	<p>7. Reguleringsplanen legger opp til tilsvarende utnytting (80%-BYA) som eksisterende bygg og utnytting gitt i kommuneplan eller omkringliggende planer for næring. Byggjehøgde setjust ut frå nødvendig takhøgde for bruk av næringen og minimum planeringshøgde med bakgrunn i flaumzone. Forslaget reduserer arealet for næringsformål i KP (N2). Felt BN2 er regulert som næring N1 i kommuneplanens arealdel.</p> <p>8. Mjøs vil ikkje miste sin utsikt mot Mjøsvågen. Bnr 23 (Mjøs) ligger på ca. k+20. Forslag legger opp til maks BH på k+18. Planlagt nybyggen er også lagt opp mot vest for siktaksen mot Mjøsvågen.</p> <p>9. Arealet er godt egna plassering for næring med tanke på fjernverknaden, infrastruktur, skuggelegging, terrengbehandling, eksisterende busetnad og nærheit til dagens bedrift med moglegheit for utvikling og samhandling. Arealet er også avsett i næring i gjeldande KPA.</p>
2	Marie Vrålstad og Øystein Hole, Krossdalsvegen 33, 5282 Lonevåg, 29.08.19, 2	<p>1. Langs vegen frå Mjøs Metall si hovudbygning i Tveitavegen (BN3) og nordover mot sentrum av Hosanger, ligg dei mest lett drivne slåttemarkene som er i Hosanger. Dei er verdifulle, og må ikkje byggast ned.</p> <p>2. I den nye planen for detaljregulering av området kjem både den nye vegtraseen og utvidinga av parkeringsplassen i retning sør (sørleg del av SPA 2 i plankartet), langt ut på stykket til Håkon Mjøs (gnr./bnr. 89/8). I tillegg er det planar om å lage ein ny parkeringsplass (SPA 1) på nordsida av avkøyringa til Tveitavegen 18. Sistnemnde parkeringsplass kjem midt ute på den finaste bøen, og kjem i tillegg til den noverande parkeringsplassen til Mjøs Metall.</p> <p>3. Utvidinga av parkeringsområdet bør heller gjerast ved å bygge ein parkeringsplass i Holadalen. Då kan dei tilsette parkere i nærleiken av begge fabrikkbygga (BN1 og BN3). Parkeringsplassen vert sentralt plassert mellom bygga, og utan at ein treng å gjere innmark om til asfalt. I tillegg vil ein med denne løysinga få mykje mindre trafikk på vegen som går opp mot skulen og barnehagen.</p> <p>4. Merknadsstillar legg fram fleire punkter for parkeringsplass i Holadalen i staden for langs Tveitavegen</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Holadalen er eit sentralt punkt mellom fabrikkbygga ein har i dag (BN1 og BN3). Plasseringa (sør/søraust for BN 1) vil også vere eit sentralt knutepunkt ved ei eventuell</li> <li>• utbygging av området sør i Holadalen (BN2). Då vil parkeringsplassen hamne i senter av dei potensielt sett 3 næringsbygga.</li> <li>• Dyrka innmark på bygda si beste landbruksj ord, i eit ope og solfylt område som er sentralt plassert i bygda, vert verna, og området i Holadalen som er meir bortgøymd, med dårlege soltilhøve og utan</li> </ul>	<p>1. Tas til orientering. Det er utarbeida fleire alternative til oppgradering av eksisterande veg saman med kommunen og eksterne konsulentar. Det ble utarbeida fleire alternativ med varierende inngrep. Endeleg løysning som ble godkjent av kommune må ta av dagens grøntareal, men gir tilbake et godt trafikkmønster og tilstrekkeleg areal til parkering.</p> <p>2. Visert til punkt 1. Parkeringsarealet er plassert med tanke på kravet på dekningsgrad, samt nærleik til bedrift og gravplass. Planforslaget er ein konsekvens av omsynet til forbeta trafikkikkerhet i området (og er utforma etter føringar frå kommunen). Det samla arealet som vert nytta til vegformål og parkering, er om lag i trå med gjeldande reguleringsplan for området..</p> <p>3. Det er planlagt parkering for ny bygningsmasse på BN2. F_SPA1 og f_SPA2 dekker kravet til eksisterande bygg og noet utviding av BN3. Parkeringsplassen tar i bruk eksisterande avkøyrsl i nord, og vil skilje gåande og parkering frå dagens situasjon. Etablering av SPA1 og f_SPA2 gjennomførast for å mogleggjera omlegging av samferdselsanlegg. Dette vil sikre betre trafikkforhold og opparbeiding av fortau. Arealet som regulerast til parkering, er i gjeldande reguleringsplan for området, i hovudsak avsett til vegføremål og inneber difor ikkje vesentleg reduksjon av innmark.</p> <p>4. Planforslag endrar ikkje valt parkeringsløysing. Viser til pkt. 1,2 og 3.</p>

		<p>innmark vert i staden nytta</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Bygda får behalda eit grønt og triveleg område sentralt i bygda. Dette er samstundes med på å «demme opp» inntrykket av ein svær fabrikkbygning</li> <li>• Det vert færre bilar og mindre trafikk der ungar og vaksne går langs vegen (mellom anna til/frå skule og barnehage)</li> <li>• Ein grøn og triveleg «lunge» midt i bygda er med på å oppretthalde bygda sin verdi visuelt sett</li> </ul> <p>5. Når det gjeld utvidinga av industriområdet slik planen skisserer, og ei eventuell utbygging i BN2, meiner me ein må ta sterkt omsyn til dei næraste fastbuande, busett aust for BN2.</p> <p>6. Me er ikkje samde i at omdisponeringa av jordbruksland er naudsynt (Planforslaget s. 6). Me ynskjer gjerne fortau langs vegen, men ikkje fleire parkeringsplassar.</p>	<p>5. Planlagt bygg vil etterstreva same bygningslinje som BN1, og ta omsyn til nabo i den grad det er hensiktsmessig og mulig. Det er lagt inn ekstra grøntareal som buffer mellom bustad og næring.</p> <p>6. Fortau og ny veg legger seg over dagens parkeringsareal. Alternativ til veg og parkeringsløysinga har vert igjennom fleire rundar med kommunen. Planforslag må legge opp til areal etter krav til parkeringsdekning og sanering av eksisterande plasser. Viser også til pkt. 1</p>
3	Mjøsdaalen Grendaråd, Hosanger, 5282 Lonevåg, 29.08.19, 3	<p>1. Mjøsdaalen Grendaråd ber om at det vert gjort ei utgreiing av om parkeringsplassane på SPA1 (nord for der parkeringsplassen er lokalisert i dag) kan verte flytta til ei lokalisering søraust for BN1, med innkøyring frå fylkesveg 567. Grendarådet ynskjer ei slik utgreiing av fleire grunnar. Den eine grunnen er for å oppretthalde estetikken i Mjøsdaalen, ved å unngå å gjere grøntarealet om til parkeringsplassar. Ein annan grunn er for å oppretthalde innmarka som er der i dag. Dette er viktig både for bygda sin estetikk og for jordbruksinteressene.</p> <p>2. Grendarådet foreslår vidare at parkeringsplassar på SPA2 kan nyttast til parkering for besøkande til gravplassen og for tilsette ved Mjøs Metall, men at dei resterande parkeringsplassane vert lokalisert søraust for BN1.</p>	<p>1. Tas til orientering. Størrelsen er utforma etter krav til parkeringsplassar til formål. Plasseringa er gitt med bakgrunn i nærheit til næring, dagens parkering, grunnforhold/flate, trafikkikker tilkomst og hensiktsmessig køyremønster. Planforslaget er utforma etter føringar frå kommunen, med sterkt omsyn til betra trafikkikkerhet i området og betra forhold for parkering ved gravlund. Omlegging av Tveitavegen og etablering av fortau, gjer det difor naudsynt å foreta endringane i SPA1 og f_SPA2.</p> <p>2. Det vil bli moglegheit for besøkande til gravplassen å nytta parkeringsplass f_SPA2.</p>
	<b>Høringsinstanser:</b>		
4	Bergens Sjøfartsmuseum, 26.08.19.	<p>1. Museet kjenner ikkje til kulturminne ved Hosanger næringsområde i Osterøy kommune som kan bli direkte råka av reguleringa. Museet har derfor ingen merknader til reguleringa.</p> <p>2. Det er likevel mogleg at det ligg kulturminne i det aktuelle området. Me gjer derfor merksam på at tiltakshavaren pliktar å gje melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje takast opp att før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresegnene i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne.</p>	<p>1. Tas til orientering.</p> <p>2. Tas til orientering.</p>

5	Hordaland Fylkeskommune, 12.09.19, 2015/10376-24	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Føremålet er i hovudsak i samsvar med kommuneplan der området er sett av til næring, men delar av området ligg innanfor område sett av til LNFR - spreidd busetnad og sentrumsføremål, og er dermed i strid med overordna plan. Kommunen har vurdert at planen ikkje utløyser krav om konsekvensutgreiing.</li> <li>2. Hordaland fylkeskommune har kulturminnefaglege merknader til nye tiltak innafor planområdet når det gjeld nyare tids kulturminner, som vil kunne komme i konflikt med regionale og lokale kulturminneinteresser.</li> <li>3. Planområdet, Hosanger næringsområde, ligg i dag som ein del av eit heilskapleg kulturmiljø med stor tidsdjupne, som spennar frå mellomalderkyrkjegarden nord for plangrensa ved Hosanger kyrkje og til dei historiske omgjevnadane rundt kulturmiljøet Mjøsvangen.</li> <li>4. Det er innafor reguleringsplanen lagt inn to omsynssoner bevaring av kulturmiljø. Ein av desse er omsynssone H570_1 som gjeld Mjøsvangen og Hosanger kyrkjestad. Den andre omsynssona, H570_2, er gjennomgåande murstrukturar som set eit viktig preg på landskapet ved Mjøs metallvarefabrikk.</li> <li>5. Fylkeskonservatoren meiner det er uheldig at planen legg opp til å omregulere område regulert til sentrumsføremål, BN4, ved vegen (Fv 567), til næring. Etter vårt syn er det ein fordel å ikkje omregulere dette område som ligg så tett opp i omsynsone for det samla kulturmiljøet i Mjøsvangen. Å halde på denne delen av planen til sentrumsføremål, kan fungere som ein «buffer» for næringsområdet. Alle tiltak her i enden av Mjøsvangen er svært sårbare for inngrep, og må handterast med stor varsemd for å ivareta det viktige kulturmiljøet i området.</li> <li>6. Det er regulert inn fortau (o_SF1-o_SF4) for å sikra trafikktryggleiken til Fv 567 ved BN4, som ligg i omsynsone H570. Her må det planleggjast med stor varsemd og vi er usikre på om kryssing med fortau på nordsida av Fv er den beste løysinga med omsyn til bevaring av kulturminne og kulturmiljø.</li> <li>7. Det ligg to Sefrak-registrerte bygningar i kategorien «meldepliktig etter Kulturminneloven §25». Den eine bygningen ligg ved Fv 567 nord i planområdet, på g/br 89/27. Dette er eit historisk næringsbygg frå 1800talet, som i dag er bygd saman med eit nyare næringsbygg. Denne bygningen er regulert til spesialområde bevaring i gjeldane plan for området (2008), og vidareført i denne planen.</li> <li>8. Den andre bygningen, som er «meldepliktig etter Kulturminneloven §25» ligg i sørenden av planområdet på g/bnr 92/21. Sjølv om bygningen tidlegare er flytta fleire gonger, og har fått tilbygg, er den framleis eit viktig kulturminne, som bør takast vare på med sin noverande plassering. Bygningen kan, saman med dei andre bygningane/fritidsbustadene fungere som ein «buffer» mellom næringsområdet og kulturmiljøet sør for plangrensa.</li> <li>9. Fylkeskonservatoren meiner at det ikkje er naudsynt å rive dei gamle bygningane som her er omtalt som fritidsbustader på g/bnr 92/ 21 og 92/22, for å realisere store delar av planen. Området har store verneverdiar som er best tent med å bli teke vare på ut ifrå eigne kulturhistoriske kvalitetar.</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Tas til orientering.</li> <li>2. Tas til orientering</li> <li>3. Tas til orientering.</li> <li>4. Tas til orientering.</li> <li>5. Det er gjennomført møte med Fylkeskonservatoren i etterkant av merknad, og einighet om justering frå næringsformål BN4 til blanda formål BKB.</li> <li>6. Fortau og veg er regulert etter nyleg etablert situasjon, prosjektert og utarbeida av Statens vegvesen. Ved etablering av fortau på sørsida vil dette få konsekvensar for bygget under H570.</li> <li>7. Tas til orientering. Viser til pkt. 8.</li> <li>8. Det har vert gjennomført møter med Fylkeskonservatoren og synfaringar på tomt for å avgjera verdien til bygg. Føresegner vil etter desse gjennomgangane sette utgangspunkt i at bygget kan flyttast, og rivas dersom tilstand tilseier det, ref. §4.1.6</li> <li>9. Sjølve hyttene (3 stk.) ligger midt i industriområdet og må rivas for at dette skal kunne nyttas. Dette industriområdet er i trå med overordna arealplan og kommunen har sidan slutten på 90-tallet - med fleire ulike heradsstyre - konsekvent peikt på at det er dette området dei ønsker vidareutvikla for industri. Dette er også bakgrunnen for at Mjøs Metallvarefabrikk har kjøpt eigendommene og starta arbeidet med å regulere området. Denne merknad er</li> </ol>
---	--	---	---

		<p>10. Ei utvikling av industriområdet som delar av denne planen legg opp til, kan føre til at området mister noko av sitt autentiske særpreg. Fylkeskonservatoren meiner difor at delar av næringsformål vil kunne redusere opplevingsverdiene til kulturminnet og kulturmiljøet, og vere i konflikt med kulturminneinteressene både når det gjeld nær- og fjernverknad. Delar av sentrumsformålet bør difor oppretthaldast som ein buffer til kulturmiljøet Mjøs vågen, og næringsområdet BN2 må reduserast noko og ikkje omfatte dei gamle bustadene/fritidsbustadene.</p> <p>11. Planforslaget opnar for 80% BYA i BN2. Feltet har ein storleik på 10934m<sup>2</sup>. I tillegg til næringsbygg skal feltet omfatte lagring, handtering av avfall i konteinrar og parkering. Det er ingen illustrasjon for korleis tiltaka er tenkt plassert, eller kva storleik dei skal ha.</p> <p>12. Det kjem heller ikkje tydeleg fram i planskildringa om det er tenkt sprenging inn i fjell. Hordaland fylkeskommune meiner at uvisse knytt til BN2 gjer det utfordrande å vurdere konsekvensane av planforslaget.</p> <p>13. Hordaland fylkeskommune har vesentlege merknader til planforslaget når det gjeld nyare tids kulturminne. Vi vurderer å fremje motsegn til planen grunna konflikt med kulturminne av vesentleg regional interesse. Slik plankartet no føreligg, tek dette ikkje nok omsynet til kulturminne og bør endrast i høve våre merknader.</p> <p>14. Motsegn skal handsamast politisk og vil krevje lengre sakshandsamingstid.</p> <p>15. Vi ber no om: 1. Drøftingsmøte med kommunen så snart som råd. 2. Utsett frist etter avtale på drøftingsmøte (Sjå Rundskriv T-2/2003 frå Miljøverndepartementet punkt 3.4).</p>	<p>gjennomgått med møte med Fylkeskonservator. Formål i plankart er noko justert og det er lagt in vegetasjonsskjerm GV som sikrar en skjerming for omkringliggjande busetnad (§4.2.8)Viser også til punkt 8.</p> <p>10. Området for nybygg er planlagt under næringsformål i KPA. Området er godt egna til næringsbygg, og vil være en naturlig utvikling frå BN1 samt skape aktivitet i området. Næringsområdet har nesten ingen verdi dersom hyttene ikkje kan rivas. Riving er i trå med overordna plan, og er hovudårsaka til at Mjøs Metallvarefabrikk har kjøpt disse hyttene.</p> <p>11. Det er utarbeida 2 illustrasjonar på eksemplar til bygg og parkering som har vert ute til høyring. Lagring skal etablerast under tak. Avfallshandteringa blir en del av prosjekteringa til bygga. Endeleg prosjektering av bygg er ikkje klart på noverande tidspunkt og vil inngå som ein naturleg del av byggjesøknad. Det er naudsynt å ivareta omsyn til fleksibilitet i framtidig utvikling av næringa.</p> <p>12. Det er tenkt noet sprenging inn i fjell, lik dagens situasjon for BN1, med krav til sikring og undersøking. Det er ikkje planlagt fjellhall, da kostnads-analysen viser at dette ikkje er hensiktsmessig eller økonomisk mogleg.</p> <p>13. Planforslaget varetar kulturminna i den grad det er hensiktsmessig, her under steingard i H570_1, bygg i H570_75, og dyrkingslag H730. Bruk under g/bnr 92/21 og 92/22 er planlagt rivast for utvikling av næringen i Hosanger.</p> <p>14. Tatt til følgje. Punkta for kulturmiljø ble avklart i drøftingsmøte med løysning som er fordelaktig for alle parter.</p> <p>15. Tas til orientering.</p>
6	Noregs vassdrags- og energidirektorat, 20.08.19, 201505899-4	<p>1. NVE har motsegn (jf. PBL §5-4) til planen. Grunnlaget for motsegna er skred- og flaumfare fare mot planlagde byggeområde ikkje er tilstrekkeleg utgreidd. Dersom Osterøy kommune syter for å få utgreidd farane tilstrekkeleg, og innarbeider konklusjonane i planen, fell grunnlaget for motsegna bort. Motsegna er forankra i NVE rettleiar 2/2017.</p> <p>2. I planmaterialet finn vi ei skredfarevurdering utarbeidd av Geolog AS. Den er ikkje datert.</p> <p>3. NVE mener skredfarevurderingen ikke er godt nok faglig utarbeidet: Skredfarevurderinga vurderer vi å ikkje vere eigna til å dokumentere reell skredfare til bruk i reguleringsplanar. Nokre konkrete manglar med rapporten er: (1) Undersøkt område er ikkje definert (2) Det er laga et kart med faresone, jf. figur 20. Gjentakintervall for skredfare er ikkje oppgitt (3) Rapporten har ikkje blitt gjenstand for fagleg kontroll</p> <p>4. For Osterøy kommune arbeider vidare med planframlegget må de syte for å få utarbeidd ny dokumentasjon på skredfare, og at konklusjonane vert innarbeidd i planen. NVE har motsegn til detaljreguleringsplan Hosanger næringsområde inntil dette er gjort.</p>	<p>1. Tas til følgje. Skred- og flaumfare er utgreidd i egne rapportar frå Multiconsult etter NVE's standardar.</p> <p>2. Skredfarevurdering av Geolog AS er erstatta av ny vurdering frå Multiconsult.</p> <p>3. Visert til punkt 2.</p> <p>4. Viser til punkt 2. Fareområde i plankart er oppdatert. Rapporten leggjast til grunn for vidare prosjektering. Rekkjefølgjekrav for skredfare er gitt i 11.1.2.</p>

		<ol style="list-style-type: none"> <li>5. Holeelva renn gjennom planområdet og ut i sjøen. På plankartet er det markert ei omsynssone H320 Flaumfare. Omsynssona har teke utgangspunkt i ei sone på 20 m til kvar side av elva, men tilpassa terrenget ved eksisterande bygg i BN3 og BN1. I planen er det ikkje gjort vurdering av reell flaumfare. Det er sett krav i føresegnene (jf. § 4.1.3) til dokumentasjon av flaumfare.</li> <li>6. NVE har motsegn til reguleringsplan for Hosanger næringsområdet inntil fagkyndige har utgreidd reell flaumfare, og konklusjonane er innarbeidd i planframlegget.</li> <li>7. Både reell flaumfare frå stormflo/havnivåstiging, og flaum frå elva, må gjerast greie for kvar for seg. De må nytte 200 års flaum med klimapåslag som dimensjonerande flaumstorleik. Vi er ikkje samde med planskildringa der det står at det er 20 års flaum som er dimensjonerande. Planen opnar for å oppføre bygg i tryggleiksklasse F2, jf. Byggeteknisk forskrift (TEK17) § 7-2.</li> <li>8. Kotehøgder for 200 års stormflo med klimapåslag finn de i <a href="http://www.sehavniva.no">www.sehavniva.no</a>. Ver merksam på at den kotehøgda de finn der ikkje tek omsyn til bølgepåverknad. Det må de vurdere i tillegg.</li> <li>9. Flaumfare frå elva må fagkyndige greie ut. I første omgang må det utarbeidast ei flaumberekning, dvs kor stor flaumen er i m<sup>3</sup>/s med ulike gjentaksintervall (1/20, 1/200 og 1/1000) + klimapåslag. Desse flaumstorleikane må så nyttast i ein hydraulisk modell. Sluttproduktet er eit flaumsonekart som syner kva areal som er flaumutsett.</li> <li>10. Den flaumen (frå sjø eller elv) for eit gitt punkt som når høgst er dimensjonerande i det gitte punktet. Alt areal som er flaumutsett ved 200 års flaum med klimapåslag, uansett om det kjem frå sjøen eller elva, må syne i plankartet som omsynssone H320 Flaumfare. Til omsynssona må de innarbeide føresegner som sikrar tilstrekkeleg tryggleik før utbygging kan finne stad.</li> <li>11. Utbygging og terrengendring i flaumsona til elveflaumen kan fortrenge flaumvatn og leie det mot nye areal. Dette kan auke flaum og erosjonsfaren på tilstøytande areal. Dersom planen legg opp til slik utbygging i flaumsona frå elveflaumen må de syte for å utgreie om utbygginga gir slike konsekvensar. Vi syner i denne samanhengen til TEK17 § 7-1, 2. ledd.</li> <li>12. NVE er positiv til innarbeiding av omsynssone H560 Bevaring naturmiljø langs Holeelva og forskrift (§ 11.2.1) om ivaretagelse av vegetasjon langs vassdraget og at det ikke er tillatt med fysiske konstruksjoner eller fysiske tiltak.</li> <li>13. Formuleringa «Naudsynte sikringstiltak mot flaum skal utførast og dokumenterast i samråd med fagkyndig konsulent» må de ta ut av føresegna. NVE meiner at sikringstiltak mot flaum og erosjon ikkje skal gjennomførast i kantvegetasjonen, i alle fall ikkje før det er dokumentert heilt naudsynt for å sikre eksisterande bygg.</li> <li>14. Som det går fram ovanfor fremjar vi motsegn til planen inntil reell flaumfare er dokumentert og konklusjonane innarbeidd i planen. Når flaumfaren er dokumentert vil de ha grunnlag for å vurdere kva tiltak som må til for å sikre eksisterande og nye tiltak. De må då velje dei sikringstiltaka som har minst negative konsekvensar for vassdraget og innarbeide desse i planen.</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>5. Viser til punkt 1. Flaumsone er oppdatert etter ny rapport frå Multiconsult, med vurdering av reel flaumfare. Rekkjefølgjekrav for flaumfare er gitt i 11.1.3.</li> <li>6. Viser til punkt 5.</li> <li>7. Viser til punkt 5 og utarbeida rapportar. Planskildringa oppdatert.</li> <li>8. Tas til følgje. Det er utarbeidd flaumrapport, og sone for stormflo med klimapåslag tatt inn i plankart.</li> <li>9. Viser til rapport for flaumfare.</li> <li>10. Tas til følge. Viser til rapporter. Føresegner for flomsona gitt i §11.1.3</li> <li>11. Plasseringa til nybygg er ikkje endeleg. Flaumrapport tilseier; «Forbi metallvarefabrikken vil elva holde seg innanfor elveløpet, men berekna vann-hastigheit er høye (opptil 10 m/s), noe som gir stor fare for erosjon. Dersom elva går gjennom lausmasser på den utsette strekningen, vil det være nødvendig med erosjonssikring for å unngå erosjon og utrasing.» TEK17 vil være gjeldande ved prosjektering.</li> <li>12. Tas til orientering</li> <li>13. Tas til følgje. Formulering tatt ut.</li> <li>14. Tas til følgje. Reell flaumfare er dokumentert av flaumrapport, og sikringstiltak (min. kvotehøgde for bygg) lagt til i planen.</li> </ol>
--	--	---	---

		15. Som nemnd må utgangspunktet vere at sikring av nye tiltak ikkje skal gå på kostnad av den lovbeskytta kantvegetasjonen, jf. vassressurslova § 11	15. Tas til følgje. Ivaretaking av kantvegetasjon sikra i 11.2.1
7	Fylkesmannen i Vestland, 06.09.19, 2019/13979	1. Fylkesmannen kjem ikkje til å avskjere motsegna frå NVE. Kommunen kan be om dialogmøte om de ynskjer det.	
8	Statens Vegvesen, 02.09.19 og 11.09.19, 15/207562-4,	1. Byggegrense langs veg: Dette er tatt hensyn til i planen etter uttale ved planoppstart og er satt til 20 meter 2. Avkjørsel til fylkesvegen: Tekniske tekninger må utarbeidas for avkjørsel og sendast inn for godkjenning av rette vegmyndighet  3. Rekkefølgjekrav: Statens vegvesen krev at det vert sett rekkefølgjekrav om at avkøyrsla til området skal vere ferdig opparbeidd eller utbetra før ein kan starte med utbygging i planområdet. 4. Vi gjer merksam på at før arbeid knytt til riks- og fylkesveganlegg kan setjast i gong, skal byggeplan vere godkjent av Statens vegvesen og det må vere inngått ein gjennomføringsavtale mellom vegvesenet og tiltakshavar. 5. I føresegnene bør det innarbeidast krav om at ein byggeplan for tiltak i tilknytning til fylkesvegen skal vere godkjend av Statens vegvesen før det kan gjevast igangsettingsløyve til slike tiltak. 6. Vi ynskjer som nemnt å sjå vegteikningar som viser at tiltak knytt til fylkesvegen lar seg gjennomføre i samsvar med vegnormalane, og at det er sett av nok areal til dette.  7. Vi ønsker en oppstramming av avkøyrsla, da den er utflytande(9m) og ikkje klart definert. 8. Det må gjeres en vurdering om avkjørsel bør opparbeides som kryss, evt med dråpe. 9. Vi anbefaler teknisk håndbok V121 og R700(tekniske tegninger) for et forslag tilsendt til oss	1. Tas til orientering. 2. Avkjørsel ved BN4 ble utarbeidd og dokumentert ifm. reguleringsplan i 2008, og deretter endra og opparbeidd slik den i dag føreligger av Statens Vegvesen. Reguleringsplanen setter krav til å utbetra dagens situasjon med grunnlag i SVV's teikningar og opparbeida veg, jf. §4.1.8 og 4.2.1 3. Tas ikkje til følgje. Næringen har behov på at nytt bygg er oppført og klar til bruk, før avkøyrsla er utbetra. Dette grunna dagens situasjon ved avkøyrsla, der nødvendig utkøyring/næringsvirksomhet frå BKB vil hindrast ved utbetring av kryss. Denne utkøyringa og aktiviteten i BKB vil erstattast av bygg i BN2, og kan dermed utbetre vegen utan større konsekvens for næringa. 4. Tas til orientering. Fylkesvegen er nyleg utbetra av SVV, og planforslaget legg ikkje opp til endringar i teikningsgrunnlaget eller sjølve fylkesvegen, men vil utbetre avkøyrsl-situasjonen som er i dag, jf. 4.1.8 og 4.2.1. 5. Tas til følgje. Lagt til i 4.1.6. Viser til pkt. 2 og 4. 6. Tas til følgje. Det er ingen endringar ved fylkesvegen - denne er opparbeidd av Statens Vegvesen. De har derfor alle nødvendige teikningar av avkøyrslsen, slik den er opparbeidd. Planforslaget legger til grunn å utbetre dagens avkøyrsl med forlenging av mur/rekkverk på begge sider, og dermed stramme opp eksisterande situasjon. 7. Tas til følgje. Statens Vegvesen har sjølv nyleg (2016/2017) opparbeidd denne ifm. ny veg gjennom Hosanger sentrum. 8. Tas delvis til følge. Avkøyrsl vil bli innarbeidd i plankart etter prosjektert veg, dagens situasjon og med utbetring, jf. Pkt. 4. Det vil ikkje tas med areal til dråpeutforming, da avkøyrsla skal være nyleg opparbeidd etter statens vegvesens standardar, og vurderast derfor tilstrekkeleg frå utbygger. 9. Tas til orientering.
8.5	Fra epost datert 11.09.19:		
9	Språkrådet, 30.07.19, 19/340-4/KES	1. Så langt me kan sjå, er det tilrådeleg å nytta Hosanger næringsområde som namn på det aktuelle området. (Me understrekar at ordet næringsområde her bør skrivast med liten førebokstav.)	1. Tas til følgje.

# Merknadskart

